



Lindås Senterbygg AS
Skuteviksbodene 22
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/227 - 19/15006

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
15.05.2019

Innkalling til tilsyn - utslepp av fetthaldig avløpsvatn på kommunalt avløpsnett - GBNR 108/619 Lindås Senterbygg

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkommande krav om å få på plass fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter.

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke ferdigmelding for anlegg . Frist for installering og innsending av ferdigmelding (for utført arbeid) var satt til 09.08.2018. Vi gjer merksam på at Lindås Senterbygg AS, som abonnent på avløpsstene i Lindås, har hovudansvar for at leigetakar har nødvendig reinseanlegg. Vi viser også til «Standard abonnementsvilkår – Administrative bestemmelser» om at ikkje er lov til å sleppe fetthaldig avløpsvatn ut på kommunalt nett. Fett på leidningsnett og i reinseanlegg, påfører kommunen store drifts og vedlikehaldskostnader. Ved brot på abonnementsvilkåra og tilhøyrande regelverk kan kommunen sende rekning utført vedlikehald til abonnenter som er ansvarleg for utslepp av fett på kommunalt nett. Kommunen kan også ilegge eit tilleggsgebyr på avløpsgebyr (50% av avløpsgebyr). Illeggsgebyr vil løpe til er installert og ferdigmelding godkjent av kommunen.

Tilsyn:

Teknisk drift viser til vårt brev av 14.09.2018 der vi har gitt førehandsvarsel om tilsyn.
Dato for tilsyn er satt til:

Måndag 03.06.2019 kl. 10.00 på Rådhuset i Knarvik.

Vi ber Dykk om å sende inn ei framdriftsplan for installering av anlegg før dette møte. Vi gjer merksam på at då fettutskiljar skulle ha vore på plass før opning av Mama Rosa, skal framdriftsplan være avgrensa i tid.

Med helsing

ArneHelgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Lindås Senterbygg AS

Skuteviksbodene 5035
22

BERGEN